

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 10.12.2010, kl.11.30

Møtestad: Sykkylven Rådhus.

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse møtte:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth
=3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste, men tre tema vart meldt under eventuel.

SAK 20/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 8. SEPTEMBER 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 8. september 2010 blir godkjent.

SAK 21/10

**ORIENTERING OM FORNYINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT
(EIGENKONTROLL I KOMMUNANE)**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.12.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vil vidare ha saka til oppfølging.

SAK 22/10
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.12.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 23/10
OPPSUMMERING OG SAKER SOM VIL KOMME (MUNNLEG ORIENTERING)

Det vart orientert om fleire saker som vil kome opp på nyåret. Dette gjeld saker om økonomi, avgifter og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 24
MØTEPLAN (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Leiar og dagleg leiar få fullmakt til å utarbeide møteplan for 1. halvår 2011.

SAK 25
TALET PÅ MEDLEM I KONTROLLUTVALET (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil på nyåret legge fram for kommunestyret ei vurdering av om kontrollutvalet bør auke medlemtalet til 5.

SAK 26/10
SØKNAD OM SPELEMIDLAR (saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Til neste møte blir rådmannen bedt om å gjere skriftleg greie for kvifor det ikkje har blitt søkt om spelemidlar til Storhallen.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseht
medlem
(sign.)